

---

## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Styret for Helse Møre og Romsdal HF  
**Møtedato:** 09.12.2020  
**Tidsramme:** kl 10:00-16:10  
**Sted:** Storhornet, adm.-bygget, Ålesund sjukehus  
**Saksnr.:** 104/20 - 118/20  
**Arkivsak:** 2020/14549

---

**Møteleiar:**

Ingve Theodorsen

**Møtande medlemmer:**

Lodve Solholm  
Toril Forbord (Skype)  
Gerd Marit Langøy  
Bjarne Storset  
Anette Lekve  
Hilde Furnes Johannessen  
Sigurd Torvik Heian

**Frå brukarutvalet møte:**

Paula Næss Skår  
Jakob Strand

**Forfall:**

Ingen

**Frå administrasjonen møte:**

Administrerende direktør Øyvind Bakke  
Viseadministrerende direktør Heidi A. Nilsen (kl.: 10:50-11:20)  
Rådgivar Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møtet med å ønske velkommen til det siste styremøte i år. Toril Forbord er med oss på Skype. Administrerende direktør varsla at han blir vekke ein halvtime i møtet, der viseadministrerende direktør tek hans plass.

I løpet av styremøtet vart det meldt inn ei ny sak som styret godtok å styrebehandle same dag. I staden for å kalle inn til eit nytt møte, sett ein heller av nok tid til at styremedlemmene kunne lese gjennom saksgrunnlaget som vart lagt fram i løpet av styremøtet. Sjå sak 110/20 og ny sak 116/20.

**Sak 104/20 Godkjenning av innkalling og sakliste****Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

**Sak 105/20 Orientering frå administrerende direktør**

Styret fekk følgjande orienteringar:

- Koronastatus
- Fødetilbodet i fylket
  - ordninga med følgjeteneste
  - fødetala i Nordmøre og Romsdal
  - konstituert avdelingssjef fortsett ut 2021.
  - status alternering
- HMR Resertifisering ISO 14001-2015 – ytre miljø
- Nytilsette leiarar i Klinikk SNR
- Organisasjonskart pr. 1. desember 2020
  - Klinikk SNR
  - Øk.-avd under viseadm. direktør
  - Klinikk kvinner, barn og ungdom under arbeid om omorganisering
- Deler av overskot frå 2020 tilbake til klinikkane
- Klinikk for psykisk helse og rus
  - Ombygging
  - Utjamning av tal senger etter behov
- Volda sjukehus i landstoppen på pasienttilfredsheit
- Tillitsvalte – AD takkar for godt samarbeid
- Julehelsing til tilsette

**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringane til vitende.

**Tillegg:**

Styreleiar takka administrerende direktør for jobben han har gjort for helseføretaket dette året han har vore tilsett. AD har vist stor evne til å jobbe med folk og gjennom folk. Som leiar har han tilfredsstilt alt tilsettingsutvalet sette som krav under tilsettingsprosessen i fjor haust. AD har vist ein imponerende evne til omstilling med tanke på beredskapssituasjon som pandemien kravde, og også når det vart naudsynt med ei omstilling tilbake til tilnærma normal drift då pandemien flata ut. AD utretta mykje godt arbeid mellom anna starta tidleg med omorganisering, var tidlig ute og blei kjent med organisasjonen, arbeidet med fødetilbodet i Nordmøre og Romsdal, godt arbeid med rehabiliteringssaka og operasjonalisert den bygningstekniske utviklingsplana på Sunnmøre. I tillegg er økonomien på rett veg. Styret ønskjer administrerende direktør Øyvind Bakke ei god jul.

**Sak 106/20 Forbettringshistorie frå Klinikkk Ålesund sjukehus**

Styret fekk ein presentasjon av seksjonsleiar ved medisinsk sengepost 2 ved Ålesund sjukehus, Barbro C. Teige, om arbeidet med opplæring av helsefagarbeidarar og rekruttering.

**Ingen vedtak**

**Sak 107/20 Revidert samarbeidsavtale mellom HMR og kommunane**

Styret fekk ei orientering av samhandlingssjef Lena Bjørge Waage om nytt utkast til samarbeidsavtale som har vore på høyring og no er ute for å få tilslutning i kommunane og her i styret for Helse Møre og Romsdal.

**Vedtak:**

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringa om revisjon av samarbeidsavtalen til vitende.
2. Styret i Helse Møre og Romsdal HF vedtek revidert samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF.

**Sak 108/20 Referatsaker (utan saksframlegg)**

- Protokoll HMN RHF 19.11.2020
- Protokoll frå AMU-møte 07.17.2020
- Protokoll frå brukarutvalsmøte 07.12.2020
- Protokoll frå Overordna samhandlingsutval 25.11.2020
- Brev frå Landsforeningen for pårørende innen psykisk helse
- Brev frå Aure Rehabilitering AS

**Sak 109/20 Statusrapport – oktober 2020 – kvalitet, økonomi, aktivitet, Gylne Regel**

Styret fekk ei orientering om statusrapporten frå oktober, med fokus på ventetider, fristbrot, HAI og bruk av antibiotika, av fagdirektør Torstein Hole.

**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om statusrapport for oktober 2020 til vitende.

**Sak 110/20 Orienteringssak - SNR**

Styret fekk ei orientering av leiar av prosjektstyret Johan Arnt Vatnan om status for prosjektet SNR.

Prosjektstyreleiar informerte om at prosjektstyret anbefaler at ein ikkje inngår vidare kontrakt med Skanska og at ein bør førebu ei avbestilling av avtalen. Prosjektstyret vil førebu ei sak til administrerande direktør der ein vil be om fullmakt til å avbestille kontrakten med Skanska. Prosjektleiar skisserar eit alternativ til framdriftsplan der ein sikrar framdrift og gjennomføring, der ein kan trenge eit ekstraordinært styremøte i uke 3 2021.

Administrerande direktør viser til at prosjektet så langt har levert på kapasitet og funksjonalitet. Ein ser no ei vesentleg avvik frå den økonomiske ramma, og vil anbefale å avslutte kontakten med Skanska og ber om ei fullmakt til å avbestille kontrakten. Styringsramma for prosjektet viser seg å vere for lav.

Prosjektorganisasjonen vil utarbeide ny prognose for prosjektet og denne vil danne grunnlaget for ei

styresak i 2021, der ein vil be om ei auka ramme.

Saksutgreiinga er no laga, og styreleiar foreslår at ein set av tid i dette styremøtet til at kvart styremedlem får tida ein treng til å lese gjennom saksunderlaget og at ein sluttar seg til eit vedtak i dag. Styret er einige i dette forslaget og saksgrunnlaget delast ut. Dette vert ny sak *116/20 Avbestille kontrakt med Skanska Norge AS*.

Arbeidspause i styremøtet kl.: 12:45 – 13:30 og sak 116/20 vert deretter styrebehandla.

**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om SNR til vitende.

**Sak 111/20 Investeringsgodkjenning – bygnær IKT Ålesund sjukehus**

Styret fekk ei orientering av viseadministrerande direktør Heidi A. Nilsen.

**Vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner oppstart av prosjektet «Bygnær IKT Ålesund sjukehus». Prosjektet skal gjennomførast i perioden 2021-2023 og innanfor ei total kostnadsramme på [REDACTED] (P85).
2. Styret for Helse Møre og Romsdal HF føreset at investeringa blir finansiert av lånemidlar som er løyvd til bygningsmessig utviklingsplan.
3. Styret ber adm.direktør sende over saka til Helse Midt-Norge RHF for endeleg godkjenning, jf. Reglement for bygge- og eigedomsverksemda i HMN.

**Sak 112/20 Det framtidige spesialiserte rehabiliteringstilbodet i regi av Helse Møre og Romsdal HF**

Styret fekk ei orientering av administrerande direktør.

Styreleiar viser til eit brev frå Aure Rehabilitering AS der initiativ til privat drift av Aure Rehabiliteringssenter blant anna er tema. Styreleiar viser til at det er gjort eit grundig arbeid i helseføretaket, prosjektet og med aktuelle kommunar.

Styret føreheld seg til saksgrunnlaget som kom frå administrasjonen i styrebehandlinga.

**Vedtak:**

1. Styret vedtek at Helse Møre og Romsdal HF sitt spesialiserte rehabiliteringstilbod skal vidareutviklast ved auka satsing på poliklinikk, dagbehandling, og ambulante spesialiserte rehabiliteringsteneste. Dette skal skje i nært samarbeid og dialog med kommunane.
2. Styret vedtek endringar i talet på døgnplassar og styrking av ambulante tenester innan spesialisert rehabilitering slik det går fram av saka. Endringane skal vere gjennomført seinast 01.03.21.
3. Styret vedtar styringsgruppa si tilråding om at det blir etablert eit fagleg samarbeidsutval (fagråd) for rehabilitering i forbindelse med revidering av samarbeidsavtalen. Oppgåver kan mellom anna vere vidareutvikling av dagens pasientforløp som er skildra i rapporten frå prosjektgruppa.

**Sak 113/20      Årshjul styresaker 2021****Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal tek årshjulet styresaker for 2021 til vitende.

**Sak 114/20      Budsjett 2021**

Styret fekk ein presentasjon av budsjett 2021 av fungerande økonomidirektør Trine Sperre.

Styremedlem Gerd Marit Langøy foreslår ei setning til punkt 4 i forslag til vedtak, at styret takkar foreininga *Sjukehuset vårt* for gåva, ein PET-CT. Styret er samrøystes einige i dette.

**Vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal vedtek budsjettet med dei føresetnadane som kjem fram i saka.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal vedtek eit resultatkrav for 2021 på 35 Mill. Kroner
3. Styret for Helse Møre og Romsdal vil heidre organisasjonen for det gode resultatet som er oppnådd i 2020. Styret ønskjer derfor å tilbakeføre noko av overskotet for 2020 gjennom å auke investeringsmidlane utover det som er vedteken i langtidsbudsjettet for 2021-2031 med 46 Mill. Kroner.
4. Styret for Helse Møre og Romsdal takkar foreininga *Sjukehuset vårt* for PET-CT-gåva. Styret vedtek oppstart av PET-CT tilbod ved Ålesund sjukehus i 2021.

**Sak 115/20      Orienteringssak – Informasjonssikkerhet**

Sakspapira er utsatt offentlighet, jf. offentlighetslova § 5 andre ledd og Riksrevisjonsloven § 18 andre ledd.

Styreleiar foreslo å lukke møtet med heimel i helseforetakslovens § 26a første ledd, da det foreløpig føreligg teieplikt om dokumenta sitt innhald. I tillegg er det grunnlag for å lukke møtet med heimel i andre ledd pkt. 2, da det gjeld «orientering om en sak som er på et forberedende stadium i saksbehandlingen i foretaket». Styret slutta seg til dette og styremøtet vert lukka kl.: 15:35 – 16:05.

**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal tek framlagt orientering til vitende.

**Sak 116/20      Avbestille kontrakt med Skanska Norge AS**

Denne saka vart meldt inn under sak 110/20 Orienteringssak – SNR. Styret var samrøystes einige i at saka skulle styrebehandlast i dag.

Forslag frå styremedlem Sigurd Torvik Heian til eit vedtakspunkt 2:

*Styret i Helse Møre og Romsdal ber adm. direktør oppretthalde framdrifta i prosjektet, samt parallelt med dette forberede prosjektorganisasjonen på ein eventuell ny gjennomføringsmodell.*

Forslaget får samrøystes støtte i styret.

**Vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF gir adm. direktør fullmakt til å signere varsel om avbestilling der Skanska Norge AS vil bli gitt en siste frist til å gi et endelig tilbud, samt avbestillingsbrev.
2. Styret i Helse Møre og Romsdal ber adm. direktør oppretthalde framdrifta i prosjektet, samt parallelt med dette forberede prosjektorganisasjonen på ein eventuell ny gjennomføringsmodell.

**Sak 117/20      Gjennomgang av utkast sakliste neste styremøte****Ingen vedtak****Sak 118/20      Godkjenning av protokoll 11/2020 – styremøte 09.12.2020****Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 09.12.2020.

Ingve Theodorsen  
styreleiar

Lodve Solholm  
nestleiar

Toril Forbord (skype)

Gerd Marit Langøy

Bjarne Storset

Anette Lekve

Sigurd Torvik Heian

Hilde Furnes Johannessen